



Arkivnr: 2014/11856-200

Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.11.2017

Stend stasjon - fornying av leigeavtale

Samandrag

Osbanens venner har leigd den gamle stasjonsbygningen på Stend med tilhøyrande areal sidan 1987, og eksisterande avtale gjekk ut i tidlegare i år.

Avtalen går ut på at foreininga disponerer og tar vare på tidlegare stasjonsbygning på Stend mot å betale ei symbolsk leige.

Det er laga ny avtale med nokre mindre endringar for å tilpasse den til faktiske forhold.

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Forslag til vedtak

1. Leigeavtale med Osbanens venner vert godkjent

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forslag til leigeavtale

Fylkesrådmannen, 20.10.2017

Osbanens venner har leigd den gamle stasjonsbygningen på Stend med tilhøyrande areal sidan 1987, og eksisterande avtale gjekk ut tidlegare i år. Stasjonsbygningen si plassering er merka av på kartbilete nedanfor.

Osbanens venner ynskjer å forlengja avtalen for 10 nye år. Vedlagt er forslag til avtale.

Foreininga har sidan førre avtale bygd ein vognhall ved sida av stasjonsbygningen. Dessutan har dei som eit mål å ein gong kunne gjenoppføra eit vaskehus som låg på tomta. I ny avtale er difor arealet auka noko i omfang, som vist på kartvedlegget til avtalen.

Etter gjeldande avtale har foreininga plikt til å halde bygningen ved like. I seinare år har praksis vore at Hordaland fylkeskommune har teke på seg dei større rehabiliterings- og utbetningsoppgåvene, medan Osbanens venner har hatt ansvaret for tilsyn og løpande vedlikehald. Foreininga er ein frivillig organisasjon utan offentleg driftsstøtte, og dei ynskjer difor at plikta til vedlikehald vert redusert. I avtalesforslaget pliktar Osbanens venner berre å gjere mindre vedlikehald på bygningen. Men dette inneber ikkje at fylkeskommunen har plikt til å ta større vedlikehaldsoppgåver som måtte oppstå.

Leigebeløpet er symbolsk, kr 100 pr. år, som tidlegare.

Erfaringane med Osbanens venner har vore gode, og vi rår til at samarbeidet vert oppretthalde ved godkjenning av ny avtale.

